

# JORAMO BYGDEALMENNING

## ÅRSMELDING FOR 2011

### ADMINISTRASJON

#### **Styre:**

<i>Tor Ivar Hovhaugholen</i> - leiar	(2010 – 2014)
<i>Birger Brækken</i> – nestleiar	(2010 – 2014)
<i>Eva Marit Nordlie</i>	(2010 – 2014)
<i>Jørn Martin Joramo</i>	(2008 – 2012)
<i>Egil Killi</i>	(2008 – 2012)
<i>Øivind Groven</i>	(2008 – 2012)

#### **Varamedlemer 2008 – 2012:**

1. *Rune Fossmo*
2. *Nils Gråberg*
3. *Morten Hovhaugholen*

#### **Varamedlemer 2010 -2014:**

1. *Dag Siljehaug*
2. *Tor Bøe*
3. *Pål-Lasse Torstad*

#### **Valkomite:**

*Anne Elisabeth Sønstebø*  
*Bjørn Ødegård*  
*Reidar Brækken*

#### **Dovre elgutval:**

*Tor Ivar Hovhaugholen*

#### **Jorkvitlan grunneigarlag:**

*Tor Ivar Hovhaugholen*

#### **Revisor:**

*Ola Jakob Myhre, PricewaterhouseCoopers AS Lillehammer (tidl. Revisorsenteret AS)*

#### **Kontor:**

*Narve Tveiten (50% stilling - ålmenningsstyrar)*

Det er halde 9 styremøte og 51 saker er behandla. Årsmøte vart halde på Joramo Næringstun 13. april med 5 styremedlemer, 1 annan bruksrettshavarar og styrar til stades.

### SPESIELLE STYRESAKER I 2011

#### **Joramo Næringstun**

Ambulansestasjonen til Sjukehuset Innlandet vart teken i bruk 1. februar. Ombyggjinga av næringsbygget har hittil kosta 1,63 mill. kroner. Det står att litt arbeid, og sluttsommen blir ca 1,68 mill. kroner. Byggjeprosessen har vore leia av Roar Nilstad og har gått greitt, utan kostnadoverskridingar av noko slag.

Leigeavtala med Sjukehuset Innlandet gjeld for 15 år fram til 1. januar 2026, med opsjon på leige i nye 10 år. Dei ambulansetilsette er godt nøgde med den nye stasjonen.

Med ambulansestasjonen og dei kontora som er att i næringsbygget, var ei namneendring naudsynt. Joramo Utmarkssenter har skifta namn til Joramo Næringstun.

### ***Bruksrettsak***

Spørsmålet om bruksrett til eigedomen Kongslykkja etter frådeling av gardstunet i 2005, vart i 2010 vurdert av juristar med spesiell kompetanse på ålmeningsrett. Konklusjonen var at eigedomen framleis har bruksrett i Joramo bygdealmening, sjølv om det i dag ikkje er bebyggelse på eigedomen knytt til jordbruksdrift. Dette er i strid med retningsliner for tildeling/inndraging av bruksrett frå Norsk Almenningsforbund (NALF), og som styret har støtta seg til. Saka vart brukt som døme under fagmøte på Honne arrangert av NALF, der spørsmål knytt til vilkår for bruksrett var eitt tema. Diskusjonen avslørte stor usikkerheit rundt dette.

Styret har etter råd frå advokat oppheva vedtak om bortfall av bruksrett for Kongslykkja. Dette betyr at det ikkje er noko absolutt krav om bebyggelse for at ein eigedom har bruksrett i ålmenning.

### ***Jora Mølle og Møllarstugu***

Kjøparen, Jora Arrangement Service har lagt ned mykje arbeid med å lage til plattning/scene framfor Mølla, inngjerding med sikring mot Jore, innvendig vedlikehald i Mølla og Møllarstugu og opparbeiding av parkeringsplass. "Mølleplassen" vart åpna under ei tilstelling i juni. Det er avvikla to dansearrangement i løpet av sommaren. Jørn M. Joramo har teke i bruk Møllarstugu til brukthandel.

Etter offentleg oppmåling av tomt i august, er festekontrakt med selskapet underskrive og tinglyst. Skøyte er underskrive og tinglyst. Per 31.12.2011 stod framleis ein del av kjøpesummen ubetalt saman krav om refusjon av utgifter til forsikring og strøm.

### ***Partnerskapsavtale for Jora Næringsområde***

Styret går inn for å delta i samarbeid om vidareutvikling av Jora Næringsområde, og har godkjent forslag til partnerskapsavtale gjennom ei fireårig samarbeidsavtale. Ved sida av ålmenninga deltek Jora Industribygg, Jora Næringspark og Snøhetta Næringspark i samarbeidet. Kvar part skal bidra med kr 65.000 fordelt over fire år.

### ***Reguleringsplan for Jora Industriområde***

Styret har i uttale til reguleringsplan for Jora Industriområde bede om at foreslått NKI-areal aust for inngjerda område til Snøhetta Næringspark blir teke ut av planen, fordi dette er aktuelt område for nytt sanke- og skiljeanlegg for Jora Beitelag.

### ***Tur- og sykkelstig over Dovrefjell***

Styret har i uttale til områdeplan for tur- og sykkelstig over Dovrefjell peika på at det er viktig at alle tiltak som berører beitebruken skjer i forståing med beitebrukarane. Styret har elles ingen merknader til planen.

## ***Uttak av fjell i Grønbogen***

Styret har stilt seg positivt til prøveuttak av fjell i Grønbogen med adkomst via Gardsendvegen og Brannvegen. Det er Snøhetta Anlegg som har søkt Dovre kommune om godkjenning av uttaket. Det vil bli igangsett reguleringsplanarbeid for større uttak av fjellmasse i Grønbogen.

## **BRUKSRETT**

Pr. 31.12.2011 var det 111 bruk i Lesja og 49 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmemming, i alt 160 bruk. Det er eitt bruk meir enn året før, fordi styret har oppheva vedtak frå 2006 om bortfall av bruksrett for eigedomen Kongslykkja i Dovre.

Det er utbetalt kr 194.736 i *bruksrettsytingar* og kr 1.141 i *tilskot* til bruksrettshavarar, totalt kr 195.877.

Det er *utvist ved* på rot til 21 bruksrettshavarar - volum ca 70 m<sup>3</sup>.

Det er utvist 52 m<sup>3</sup> massevyrke som vedutvisning til 7 bruksrettshavarar.

Oversyn over *beitebruk* (fjorårstal i parentes):

Det er 14 aktive medlemmer i Jora beitelag, 7 med sau og 7 med storfe.

2061(2028) søyer og lam har gått på beite i ålmenninga. 39 (25) søyer og 131 (145) lam gjekk tapt. Av desse er 34 sau/lam drepne av toget. Det er dokumentert tap pga bjørn og jerv.

I tillegg har 154 (160) storfe og 5 (7) geiter beita i ålmenninga. Ingen storfe eller geit er tapt.

## **SKOGENS DRIFT**

### ***Skogkultur***

Det er *markbereidd* 100 da fordelt på tre felt med aggregat montert på lassberar.

Det er *avstandsregulert* 18 da ovanfor Joramo Næringstun. Arbeidet er utført av Olav Brendjord i Mjøsen Skog.

### ***Skogsdrifter sesongen 2010/-11.***

#### ***Frøtrestillingshogstar i Kvislan:***

#### **Inntekter**

<b>Sortiment</b>	<b>Volum m<sup>3</sup>:</b>	<b>Verdi:</b>	<b>Pris pr. m<sup>3</sup>:</b>
Massevyrke furu	735,12	209509	285,00
Furu sagtømmer sams	197,60	84198	426,10
Furu sagtømmer utlegg	6,92	1592	230,06
Laftetømmer	50,00	29515	590,30
Turrfuru (vraka vyrke)	5,10	0	0,00
Vraka vyrke (kvist/kløft)	1,51	0	0,00
Furu lengeavdrag	0,15	0	0,00
Furu diameteravdrag	0,58	0	0,00
<b>Brutto totalt</b>	<b>996,98</b>	<b><u>324814</u></b>	<b><u>325,80</u></b>

**Utgifter:**

Driftsutgifter	989,64	143500	145,00
Måleutgifter	911,05	3394	3,73
FOU-avgift	988,75	989	1,00
<b>Sum utgifter</b>		<b>147883</b>	<b>148,33</b>
<b>RÅNETTO</b>		<b>176931</b>	<b>177,47</b>

Andel massevyrke: 74%

Andel vrak (kvist/kløft), utlegg og avdrag av innmålt sagtømmer: 4%

Balansekvantum etter skogbruksplanen er 1280 m<sup>3</sup>.

**JAKT****Prisar på jakt**

Prisane på reinsjakt og småviltjakt vart heva med ca 10%.

**Elg- og hjortjakt**

Fjellfeltet Lag: *Johan O. Hage*  
 Kvote elg: 1 eldre ukse, 1 eldre kolle og 1 kalv/ungdyr.  
 Kvote hjort: 1 fritt dyr  
 Felling elg: 1 eldre ukse (290 kg – 9 takker), 1 ungdyr kolle (110 kg) og 1 kukalv (57 kg).

Skogfeltet Lag: *Øivind Holen*  
 Kvote elg: 1 yngre ukse og 2 kalv/ungdyr.  
 Kvote hjort: 1 eldre dyr  
 Felling elg: 1 eldre ukse (155 kg – 3 takker), 1 eldre ukse (158 kg – feilskyting) og 1 ungdyr kolle (97 kg)

Ingen hjort vart felt.

**Småviltjakt**Oversyn over kortsal:

<b>Korttype:</b>	<b>Prisar (u.b./i.b./br.r.)</b>	<b>Utanbygds:</b>	<b>Innanbygds:</b>	<b>Bruksrett:</b>
Sesongkort med hund (rupe+hare)	1000/500/0	16+9	9 (inkl 4 gave)	2
Sesongkort utan hund	990/490/0	6	2	2
3-dagars kort med hund	600/(300)/---	2		
3-dagars kort utan hund	590/---/---	6	4	
Snurrufangst	250/250/0		0	

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal for 2010 i parentes):

Hare: 10 (6) stk. på 42 (23) jakt dagar fordelt på 9 (3) jegerar.

Rupe: 102 (113) stk på 178 (174) jakt dagar fordelt på 37 (38) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane:

Hare: God/medels god

Rupe: Medels god (sterkt varierende vurderingar)

Ove Killi utførte rupetaksering og gjekk jakttoppsyn. Takseringa viste liten bestand overalt. Det var få jegerar å sjå i terrenget under jakta, og berre to vart kontrollerte. Han foreslo at uttaket neste år vert avgrensa til 2 ruper per dag og 10 per sesong. Styret har følgd dette rådet, og gjort vedtak om slik avgrensning.

***Reinsjakt***

*Snøhetta:*

Kvote: 2 frie dyr, 2 klufbuk, 6 simle/ungdyr og 6 kalvar.

Felling: 3 eldre bukkar, 4 eldre simler, 2 ungdyr simler og 2 simlekalvar  
(fellingsprosent=69)

*Rondane nord:*

Kvote: 1 fritt dyr u. 50 kg.

Felling: 1 yngre bukk ( fellingsprosent=100)

***Rådyrjakt***

Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Dag Siljehaug*

" " 2 (nord for Raumabanen): *Erland Løkken*

Individuell bukkejakt (sør for E136): *Kjell Svendsen*

Kvote: 5 dyr

Felling: Ingen dyr felt

***Rovdyrjakt***

Laget til *Gunnar Holum* fekk løyve til å jakte gaupe i ålmenninga under kvotejaka.

**UTLEIGE AV NÆRINGSBYGG**

***Leigetakarar pr. 31.12.2011:***

Sykehuset Innlandet

*Ambulansestasjon*

Norsk Landbruksrådgivning Gudbrandsdalen:

*Leif Martin Svisdal - rådgjevar*

Q-meieriene:

*Kari Austvik - produksjonsveileder*

## ØKONOMI

Rekneskapen for 2011 syner eit overskot på kr 235.842. Det som har påverka resultatet mest er:

- + Stort grussal (netto kr 304.709)
- + Mindre utbetalingar til bruksrettsytingar og tilskot (kr 195.877 i 2011 mot 337.675 i 2010)
- Svakt resultat for Joramo Næringstun (utleige) pga store vedlikehaldskostnader (kr 108.497)
- Store utgifter til vegvedlikehald (kr 51.440)

Pr. 31.12.11 var inneståande beløp i bank og kasse kr 953.779 (ned kr 140.368).

Byggjelånet er på kr 647.136 (ned kr 52.864).

Marknadsverdien av aksjane i Norske Skog er kr 16.043 (ned kr 30.996).

Betalbar kortsiktig gjeld er kr 316.394 (ned kr 316.731)

Kortsiktige krav er kr 229.336 (opp kr 43.077)

Joramo Næringstun, 14. mars 2012

Birger Brækken  
nestleiar

Eva Nordlie

Øivind Groven

Egil Killi

Tor Bøe (vara for Jørn M. Joramo)

Narve Tveiten( styrar)